

SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK ÅRSRAPPORT 2025



Saman tek vi vare på ressursane

INNHALD

Dette kasta vi i fjor	s 4
Avfallsmengda siste ti åra	s 6
Halvparten av restavfallet skal i annan dunk	s 8
No får du sortert dei øydelagde kleda dine	s 10
Eit grønt steg vidare	s 12
Ny bil til gards	s 14
Returkartonglotteriet	s 16
Glimt frå året	s 18
- Vi har aldri vore betre rusta	s 20
Resultat og rekneskap	s 22
Melding frå revisor	s 30
Årsmelding/eigarmelding	s 32

“Å skape
mindre avfall
er mål
nummer éin”

— Andrea Ø. Sæverud

Aldri eit kjedeleg avfallsår

Året blir aldri kjedeleg når ein jobbar med avfall, og 2025 har ikkje vore noko unntak.

For deg som innbyggjar merka du det kanskje best med lovendringa som kom i januar. «No er det ulovleg å kaste kle i restavfallet», var tittelen som gjekk sin gang i nettavisene.

Sjølv om sorteringspolitiet ikkje stod klare til å banke på dørene heime hjå folk, måtte vi handle raskt. I dag kan innbyggjarane våre levere både øydelagde og brukande tekstilar på miljøstasjonen. Men som med alt anna avfall, er det kvaliteten som avgjer om tekstilane kan resirkulerast.

Tidleg på året rulla den nye sidelastar-bilen vår ut på vegane. Med robotarm og sjåfør på «feil side» av bilen, har han vore eit spennande syn for både barnehageborn og andre trafikantar. No står evalueringa av prøveprosjektet for tur, før vi avgjer om det blir fleire sidelastarar framover.

I juli kom endå ei ny lovendring, men denne var mindre synleg for folk flest. Endringar i avfallsforskrifta gjer at vi kommunale innsamlarar skal få meir betalt frå produsentansvarsselskapa. Det er gode nyheiter for alle som ønskjer lågast mogleg renovasjonsgebyr. Målet er at kostnaden ved avfallshandteringa i større grad skal ligge på den som kjøper produktet, ikkje bli likt fordelt på alle innbyggjarane. Eit lite, men viktig steg i retning av meir medvite forbruk.

Å skape mindre avfall, er mål nummer éin i avfallspolitikken. Noko vil likevel alltid oppstå, og då er det vår jobb å hjelpe deg med å bli kvitt det på ein berekraftig måte. Det har vi gjort i 2025, og det gler vi oss til å halde fram med. Uansett svingingar i lovverk og rammevilkår.

Takk for samarbeidet, og takk for at du sorterer!

Andrea Øien Sæverud,
dagleg leiar



Dette kasta vi i fjor

Her får du sjå kor mykje og kva slags avfall kvar enkelt innbyggjar i Hareid, Herøy, Ulstein og Sande i snitt leverte i fjor.

339 kilo fordelt på dunkane (178), glasigloar (12) og miljøstasjonen (149). For ein familie på fire, blir det 1356 kilo i året. Næringsavfall er ikkje medrekna.





Heime hos deg henta vi ...



 **Restavfall**
75 kg

 **Matavfall**
68 kg

 **Papir og papp**
14 kg


 **Plastemballasje**
6 kg

Du besøkte glasigloane og leverte ...

 **Glas- og metallemballasje**
12 kg



På miljøstasjonane våre heiv du ...



	Hageavfall	44 kg		Tekstilar	10 kg
	Grovavfall	30 kg		Metall	10 kg
	Trevirke	19 kg		EE-avfall	8 kg
	Farleg avfall	16 kg		Plast	0,6 kg
	Byggavfall	12 kg		Deponi	0,6 kg

Visste du at ...

I Noreg lagar vi så mykje restavfall i løpet av eitt år, at det er nok til å dekke heile Gardermoen flyplass i 1 meter tjukt lag?


For deg som er nysgjerrig, så tilsvarar det 2 555 000 tonn, eller 15 330 000 m³!
Kjelde: SSB, Sirk Norge






Trenden i Noreg er at avfallsmengdene frå hushalda har auka fram til 2020. Deretter gjekk mengdene nedover - fram til 2024, då det var ein liten auke samanlikna med året før, i følgje SSB.

Avfallsmengd siste ti åra i Hareid, Herøy, Ulstein og Sande



*Hushaldsavfall er avfall som oppstår i privathushald av alle slag. Grafen viser samla mengder hushaldsavfall, næringsavfall kjem i tillegg.

Slik blei avfallet vårt behandla i 2025



Materialgjenvinning
Når avfall blir sortert og brukt om igjen som råstoff i nye produkt.




Energi-gjenvinning
Avfall som ikkje kan material-gjenvinnast, blir gjort om til energi og varme ved forbrenningsanlegg.



Deponering
Avfall som ikkje kan energi-gjenvinnast eller materialgjenvinnast, blir deponert. Det er forbode å deponere avfall som kan brytast ned.

Slik ligg vi an:




Status i fylket:

SSR	61 %
VØR	59 %
Attvin	56 %
RIR	52 %
NOMIL	41 %

*Prosenten viser innrapportert materialgjenvinningsgrad til SSB i 2025.

Halvparten av restavfallet skal i annan dunk

Avfallsdetektivar på oppdrag frå SSR finn overraskande mykje som ikkje høyrer heime i restavfallsdunken.



Avfallet inneheldt også posar til avfall (3%) og anna metall (1%).

SSR har i 2025 gjort ei plukkanalyse av restavfallet til innbyggjarane på Søre Sunnmøre. Då blir avfallet systematisk kartlagt av ein annan aktør for å sjå kva det inneheld og kor godt det er kjeldesortert.

Resultata viser at halvparten av det som endar opp i restavfallet, hadde hatt det betre i ein annan dunk. Vi har litt å strekke oss etter, med andre ord.

«Verstingane» i restavfallsdunken er matavfall, plastemballasje, papp og papir. Vanleg søppel som vi hadde sortert rett dersom vi hadde sikta oss inn på ei av nabobøttene i kjøkenbenken. Analysen avslører også at restavfallet inneheld ein del tekstilar, og noko glas- og metallemballasje, farleg avfall og EE-avfall.

– Synes du det er vanskeleg å vite kvar du skal kaste noko, sjekk om det er sorteringsmerke på baksida av emballasjen. Du kan også bruke nettsida/ gratisappen Sortere.no til å søke opp kvar det du skal kaste høyrer heime, seier Nina Sævik, kommunikasjonsansvarleg i SSR.

Kastar mykje mat

Matavfallsdunken blei også gjenstand for detektivarbeid i 2025. Her viser tala at 40 prosent av innhaldet er matavfall av typen som ikkje kunne vore ete, til dømes eggeskal, kaffigrut, grønsskrell og bein. Meir urovekkande er det at 44 prosent av matavfallet er av den sorten som kunne vore ete. Då snakkar vi om brødsquirer, frukt, kjøtpålegg, saus og middagsrestar. Resten av innhaldet i dunken er barnebleier, avfallsposar og ymse anna som er feilsortert.

Halvparten skulle ikkje vore her:

Kommunikasjonsansvarleg i SSR, Nina Sævik, framfor restavfallshaugen hjå SSR i Saunesmarka. Foto: Andrea Ø. Sæverud

I Noreg blir det kasta meir enn 450 000 tonn mat som heller kunne vore ete kvart år. Hushaldningane står for nesten halvparten av dette matsvinnet.

– Verstingane er matavfall, plastemballasje, papp og papir.

Nina Sævik

Ikkje berre negativt

Sjølv om vi har litt å gå på, har innbyggjarane i Hareid, Ulstein, Herøy og Sande blitt flinkare til å sortere ut det som ikkje høyrer heime i restavfallet siste åra.

– Meir av matavfallet og papiret hamnar der det høyrer heime. Frå 2021 til 2025 har mengda matavfall i restavfallet gått ned frå 27 til 15 prosent. Det er skikkeleg bra jobba! Samanlikna med andre delar av landet, ligg vi også godt an, seier Sævik.

Innan 2035 er det ei rekke nasjonale og internasjonale klimamål som skal vere oppnådde. Noreg og EU har blant anna forplikta seg til eit mål om 65 prosent materialgjenvinning innan 2035.

– SSR sine tal viser at 61 prosent av alt vi kastar både heime og

på miljøstasjonen i dag går til materialgjenvinning. Det er bra jobba av innbyggjarane våre!

– Då reduserer vi behovet for å hente ut nye naturressursar som tre og metall, og det blir lavare utslepp av klimagassar.

For dei som er meir opptekne av gebyrnivå, tipsar Nina Sævik om at sortering lønner seg.

– Aldri før har det vore så dyrt for oss som no å sende restavfallet vidare til forbrenning. Ved å kaste minst mogleg i restavfallet, hjelper du til med å halde renovasjonsgebyret nede.

Om plukkanalyse

SSR har heimel til å gå gjennom avfallet som blir samla inn ut frå avfallsforskrifta, § 10a-7. Der blir det sett krav til dokumentasjonsplikt og kunnskap om det innsamla avfallet.

For å finne ut kva som heller kunne vore sortert og kasta ein annan plass enn i restavfallet eller matavfallet, skal SSR med jamne mellomrom ta plukkanalysar. Det er vanleg praksis over heile landet.

Når vi tek eit slikt utval av avfallet, skjer det frå omlastehallen vår, og ikkje knytt til identifiserbare dunkar. Skulle der vere avklippede bankkort eller andre personopplysningar i avfallet, har dei som jobbar med dette teieplikt.





Foto: iStock

No får du sortert dei øydelagde kleda dine

Endeleg kan den holete t-skjorta di få ein ny sjanse. Miljøstasjonane våre tek no imot øydelagde klede og tekstilar til materialgjenvinning.

Kvart år kastar vi nordmenn 49 000 tonn klede og tekstilar i restavfallet. Det utgjer rundt 9 kilo per person. For at minst mogleg skal hamne i restavfallet, innførte EU i 2025 eit krav om at øydelagde klede og tekstilar skal sorterast for seg og gå til materialgjenvinning. Det betyr at fibrane i tekstilane skal resirkulerast, i staden for at materiala blir sende rett i forbrenningsomnen.

Er glad for å ha fått på plass avtale
Dagleg leiar i SSR, Andrea Øien Sæverud, er glad for at kleda skal ut av restavfallet, og er veldig nøgd med å kunne tilby innbyggjarane på Søre Sunnmøre ei løysing for sortering av øydelagde klede og tekstilar.

– Vi har inngått samarbeid med Norsk Gjenvinning og Norsk Tekstilgjenvinning om å levere øydelagde klede og tekstilar til dei. Då veit vi at det vi sender frå oss, blir teke godt hand om, seier Sæverud.

Ho peikar likevel på at det er ikkje alle slags tekstilar som eignar seg

for gjenvinning.

– Ein syntetisk billeggensar produsert i plaststoff som akryl og polyester, er med dagens teknologi ikkje like lett å gjenvinne som stoff av naturfiber som ull og bomull. Same kva regelverket seier, må ein god del øydelagde tekstilar likevel ende sine dagar i restavfallet, på grunn av dårleg kvalitet. I samarbeid med innbyggjarane skal vi få sortert ut og gjenvunne alt vi kan av dei gode kvalitetane.

– Det er ikkje alle slags tekstilar som eignar seg for gjenvinning.

Andrea Ø. Sæverud

Blir ikkje avvist

På miljøstasjonen får folk levere øydelagde tekstilar gratis, så lenge dei er skikkeleg sorterte.

– Det er viktig at kleda som skal i behaldaren for «Øydelagde klede og tekstilar» er pakka i ein gjennomiktig pose eller sekk før du kastar den

på miljøstasjonen. Dette er fordi vi gjer ein kvalitetssjekk før vi sender tekstilane vidare.

Gjennomiktige posar gjer dette lettare. Kjemp du med eit handlenett med tekstilar på miljøstasjonen, blir du ikkje avvist altså. No i starten har vi liggande gjennomiktige sekkar som folk kan flytte tekstilane over i, seier Sæverud.

Ho minner om at sekkane og posane folk får utdelt til plastemballasje og matavfall, berre skal brukast nettopp til desse avfallstypene.

– Det er fort gjort å ta ein plastemballasjesekk og bruke den til noko anna. Dette er med på å gi SSR unødvendige utgifter, så vi håpar folk flest legg frå seg den uvanen. Støtt heller den lokale handelsstanden og kjøp inn nokre rullar med gjennomiktige avfallssekkar. Desse er fine å bruke både til hageavfall, grovavfall og tekstilar, seier Sæverud.

Slik sorterer du dei øydelagde kleda dine

På stasjonane våre har vi ein behaldar som er merka «Øydelagde klede og tekstilar». I denne kan du kaste reine og tørre klede og tekstilar av ull, bomull, lin og silke som er utslitne, holete og/eller flekkete. Når du leverer dei, må dei vere pakka i ein gjennomiktig pose.

Ikkje alt kan bli til nytt liv

Plagg som er våte, fuktige og tilgrisa, eller som for eksempel er av syntetisk materiale eignar seg ikkje for gjenvinning, og må kastast som restavfall.

Dette skal i restavfallet:

- Undertøy og sokkar
- Syntetisk materiale som badeklede og treningstights
- Tekstilar med glitter og paljettar
- Regntøy, fleece og softshell
- Tekstilar med fleire lag: yttertøy, vottar, dyner/puter
- Klede med refleks
- Sko, vesker, skinn og lær

Dersom du har med deg denne type klede og tekstilar til miljøstasjonen har vi ein eigen restavfallsbeholdar dette kan kastast i.

Framleis brukande?

Klede som andre kan ha glede av å bruke vidare, kan du framleis levere til Fretex, Fileks og UFF-boksane som står plassert på miljøstasjonane våre og elles rundt om i kommunane.



Er du i tvil, spør dei som jobbar på miljøstasjonen om hjelp.



F. v.: Einar Heimdal, Andrea Ø. Sæverud og Stian Skorgen Scheide. Foto: SSR

Eit grønt steg vidare

Med ei Miljøfyrtårn-sertifisering på plass, har SSR no blitt endå grønarare.

Eit år med førebuingar låg bak oss, då vi i haust tok imot sertifisøren som skulle avgjere om vi fekk smykke oss med tittelen Miljøfyrtårn. Hadde vi det som skulle til?

På sertifiseringsdagen stilte vi både mann- og kvinnesterke. Vi fekk svart på spørsmål og vist fram dei fine anlegga våre. Følelsen etterpå var god, og dagen etter fekk vi beskjeden: Vi hadde klart det.

– Det var veldig kjekt å sjå at arbeidet vi har lagt ned løner seg. Vi er i ein bransje der det heile tida skjer noko nytt, og det blir stilt strenge krav til jobben vi gjer, og korleis den påverkar miljøet – som skulle berre mangle, seier dagleg leiar i SSR, Andrea Øien Sæverud.

Ho rosar kollegaene Einar Heimdal som har vore ein viktig motor i sertifiseringsarbeidet og Nina Sævik som får ansvaret for rapportering og resertifisering vidare.

Ikkje berre grøne konteinrar og bilar

Etter at eldprøva var bestått, kom ordførar Ulstein kommune Stian Skorgen Scheide innom Saunesmarka for å gratulere og overrekke plakett og blomsterbukett.

– Som eigar er det ekstra kjekt at det ikkje berre er konteinrarane og bilane som er grøne, men at selskapet no også får eit grønt stempel som Miljøfyrtårn, sa Scheide under besøket.


Ordføraren fekk også ei omvising i Saunesmarka, og idet han passerte ein haug med treverk flirte han: – Så det er her huset mitt ligg altså.

Han avslørte at han siste åra har renovert heime og støtt og stadig vore innom miljøstasjonen. Driftsleiar Rune Tarberg kunne fortelje at treverket blir sendt til ein fabrikk i Sverige som materialgjenvinner plankane til nye IKEA-skap.

Meir skjerpa

– Med ei Miljøfyrtårn-sertifisering i hus blir vi meir skjerpa. Vi får betre oversikt over miljøarbeidet vårt, både når det gjeld klima, miljø og arbeidsmiljø. Samtidig får vi eit godt verktøy for å vurdere om vi er på rett veg til å nå måla vi har sett oss. Å vere Miljøfyrtårn forpliktar, samtidig som det gir oss ei tydeleg retning for vegen vidare, seier Sæverud.

Miljøfyrtårn er ei nasjonal ordning som tilbyr eit konkret sertifiseringsverktøy og eit effektivt miljøleingsystem. Sertifiseringa skal hjelpe verksemder med å redusere miljøbelastninga, stimulere til grøn omstilling og auke konkurransekrafta. Sertifiseringa er godkjent av EU og anerkjent som ein offisiell miljøstandard i Noreg. Kjelde: miljøfyrtårn.no



Øydelagde klede og tekstilar

Ja, takk

Reine, tørre klede og tekstilar av ull, bomull, lin og silke som er utslitne, holete og flekkete.

Hugs **gjennomsiktig** pose!



Ny bil til gards

Med robotarm og sjåfør på feil side, har bil 34 vore ein spanande nykomar.

Frå januar fekk nemleg rundt halvparten av innbyggjarane matavfallet sitt tømt av ein heilt ny type renovasjonsbil, ein sidelastar. Naboane våre i Volda og Ørsta Reinhaldsverk har hatt sidelastarar i over 20 år, men for SSR er dette den første bilen av sitt slag.

– Forskjellen på sidelastaren og dei andre renovasjonsbilane våre, er at han har ein mekanisk arm som tømmer dunkane. Dermed treng vi berre éin tilsett i bilen, i staden for at renovatøren må ut og tømme dunkane manuelt. Det gjer drifta meir kostnadseffektiv, seier driftsleiar i SSR, Rune Tarberg.

– Ingen vil miste jobben, men det vil ikkje vere behov for å tilsette ein ny renovatør neste gong nokon sluttar.

Tarberg legg til at det ikkje alltid er like lett å rekruttere nye renovatørar.

– Ein renovatør kan tømme over 500 dunkar om dagen. Det er fysisk tungt arbeid, med høg risiko for belastningsskader.

Kva vil ny bil bety for deg?

Dei som får tømt matavfallet av sidelastaren, må setje denne dunken motsett veg av det dei vanlegvis gjer, altså med framsida/loket peikande framover mot bilvegen. Nokre må også plassere dunkane sine litt annleis enn før.

– Det er enkelte stadar sidelastaren ikkje kjem til. I desse tilfella har dei det gjeld fått tilsendt informasjon og kart som viser ny plassering av dunkane, seier Tarberg.

Fleire sidelastarar i framtida?

Vind har i nokre tilfelle vore ei utfordring, men i hovudsak har både SSR og innbyggjarane gode erfaringar med robotarma.

– Vind kan heilt klart skape utfordringar, og nokre område er meir utsette enn andre. Likevel har folk teke godt imot bilen, og vi set stor pris på den gode samarbeidsviljen vi møter blant innbyggjarane. No blir neste steg å vurdere om vi skal gå til innkjøp av fleire sidelastarar, seier Tarberg.



Denne "klypa" har blitt eit velkjent syn det siste året

Returkartonglotteriet 2025

– Eg tok meg ein **dans!**



Elisabet vann 10 000 kr.
Foto: Nina Sævik

Elisabet Øvrelid blei så glad av å vinne 10 000 kroner, at ho tok seg ein dans rundt i barnehagen blant kollegaer og barn.

– Ja, her er det alle som veit at eg har vunne, smiler Elisabet Øvrelid.

Elisabet jobbar til dagleg i Syverplassen barnehage i Hareid kommune, og har lang erfaring i å skrive namn og nummer på ferdigbretta kartongar.

Vanlegvis når SSR ringer for å fortelje ei slik godnyheit, er det mange som tenkjer «åh nei, no har eg gjort noko feil med bosdunken min». Men det var ikkje tilfellet for Elisabet.

– Eg hadde fått ein telefon frå eit lokalt, ukjent nummer dagen før, og då sa eg til mannen min: No skal du sjå at dei ringer frå SSR for å fortelje at eg har vunne i lotteriet deira. Men då var det Møbelringen som ringde for å sei ifrå om at møblane mine hadde kome. Men – så kom telefonen frå SSR dagen etter, og då tenkte eg at no vinn eg!

Og det hadde ho jammen rett i!



Roar Ulstein frå Hareid fekk den gjæveste premien i Returkartonglotteriet.

Foto: Nina Sævik

Skylte, bretta – og vann 100.000 kroner

Ein heilt vanleg tur innom Biltema i Saunesmarka tok ei uventa vending for Roar Ulstein.

Roar var inne i butikken då telefonen ringde. 66-åringen frå Hareid lot den ringe fyrste gongen. Men den som ringde, gav seg ikkje. Andre gongen gjekk han ut for å svare.

– Du har vunne 100.000 kroner var beskjeden i andre enden.

Telefonen kom berre nokre få steinkast lenger borte i vegen, og var frå SSR. Roar hadde vunne førstepremien i Returkartonglotteriet!

Årevis med skyljing, bretteing og skriving av namn og nummer på hundrevis av kartongar hadde lønt seg.

Mest vinnarlykke

– Dette var heilt uventa, men det var ein veldig hyggjeleg telefon å få, seier Roar når SSR møter han dagen etter.

– Eg og kona mi, Tove, er veldig taknemlege for å vinne så mykje pengar. Vi har skrive namn og nummer på kartongar så lenge vi kan hugse. Tove skriv alltid mitt namn og nummer, ho meiner eg har mest vinnarlykke, ler Roar.

Og det kan det sjå ut som ho har rett i!

Dryp på borna

Roar er den andre i vårt område som har vunne 100.000 kroner sidan lotteriet starta for nærare 30 år sidan.

Roar og kona har gjort seg nokre tankar om kva dei ønsker å bruke pengepremien på.

– Vi skal dele halvparten av pengane med dei fire borna våre. Vi ønsker også å gi litt til misjonen. Så får vi sjå kva vi gjer med resten, kanskje vi kjem til å bruke noko av det på å reise. Vi får tenke litt på det, smiler Roar.

– Vi har skrive namn og nummer på kartongar så lenge vi kan hugse.

Roar Ulstein

Skyl, bretta, skriv
– og vinn!

Lønsomt for
både miljøet og
lommeboka.



Foto: Bettina Snehotta, LOOP



Nytt tilbod

På vårparten opna vi greinplassen på Eidet for levering av hageavfall heile døgnet. I sommar-sesongen kan folk dermed levere greiner og gras både tidleg og seint, kvardag og helg.



Ein meir tilgjengeleg greinplass blei, ikkje overraskande, godt motteke. Trass i at greinplassen no er ubemanna, har ordninga stort sett fungert godt.

Kameraovervakinga har avslørt enkeltpersonar som tøyer reglane med forsøpling og manglande rapportering av næringsavfall. Men dei aller, aller fleste ser heldigvis ut til å sette stor pris på tilbodet, og brukar det slik det er tenkt. Døgnopen greinplass på Eidet blir derfor vidareført våren 2026.

Planen er å innføre digital adgangskontroll på sikt,

slik mellom andre renovasjonsselskapet i Molde har gjort med hell.

Kva kan du levere på greinplassen?

Privatpersonar kan levere gras, blad, greiner og stammar under 25 cm i diameter gratis. Røter, stammar over 25 cm i diameter og jord (aur, småstein, grus, sand og blanda hageavfall) må ein betale kilopris for, og skal leverast på miljøstasjonen i Saunesmarka. Næringskundar kan nytte greinplassen etter avtale, og må betale for alt hageavfall som blir levert.



Takk!

Kvart år stiller SSR med hanskar, sekkar og konteinarar til fleire hundre frivillige strandryddarar. I løpet av 2025 tok vi imot 12,7 tonn med avfall funne i fjøre og grøftekantar rundt omkring på Sunnmøre. Takk til alle som ryddar – de bidreg til å ta vare på den vakre naturen vår!

Berekraftig, ivrig og trygg

2025 var året då vi fornya verdiane våre. Alle tilsette blei inviterte til å sende inn forslag. Etter ei avstemming, landa vi på desse verdiane:

- **Berekraftig** – Vi legg til rette for at naturressursar varer lengst mogleg, til det beste for framtidige generasjonar.
- **Ivrig** – Vi er ivrige etter å skape gode avfallsløysingar for lokalsamfunnet. Saman strekker vi oss etter utvikling og forbetring.
- **Trygg** – Vi leverer kvalitet og utfører samfunnsoppdraget vårt på ein ansvarleg måte. Innbyggjarane skal vere trygge på at avfallet blir henta og handtert sikkert, kostnads-effektivt og miljøvenleg.


Visjonen er også oppdatert og lyder no slik: SSR skal skape mest mogleg verdiar av det innsamla avfallet, både for lokalsamfunnet og framtidige generasjonar.



LAPPEN I BOKS!

Andrii, Steve og Jon-Arild Amanda har gjennomført eit tredagers-kurs på truck, og enda opp med å innkassere trucklappen alle saman. Godt jobba og gratulerer til alle tre! Ei kjekk kompetanseheving for den enkelte, og ein stor fordel for SSR å ha fleire som kan køyre truck.

Andrii har også tatt oppkøyring på gravemaskin og sorteringsmaskin – det gjekk strålande. Takk til Andrzej som tok på seg fadderoppgåva.



Velkomen til oss!

Gjennom året får vi besøk av skular, barnehagar, bedrifter og ressurscenter som ønskjer å lære meir om kjeldesortering. Det er stas å få vise fram og forklare kva som skjer med avfallet etter det har blitt kasta. SSR har opplegg med informasjon, film, leik og omvising. Vi får kjekke tilbake-meldingar på at mange set pris på den ekstra kunnskapen dei får etter eit besøk hjå oss. Vi kan også kome ut til skulane på besøk, om det er lettare å få til.

I fjor hadde vi besøk av ca. 750 nyfikne innbyggjararar, der fleirtalet var barn og unge.





SSR sitt industrivern har jamlege øvingar. Her blir brannslangane testa for første gong. Foto: SSR

– VI HAR ALDRI VORE BETRE **RUSTA**

Brann, lekkasje frå farleg avfall eller ein skadd tilsett – på eit avfallsanlegg kan det oppstå mange kritiske situasjonar. Då gjeld det å vere førebudd.

– Vi har alltid hatt rutinar for handtering av farlege situasjonar, men med industrivernet på plass har vi heva nivået fleire hakk, seier driftsleiar i SSR, Rune Tarberg.

Han leiar det ferske industrivernet i SSR, som vart etablert hausten 2025. Oppgåva er klar: Å vere først på staden når noko skjer, før naudetatane kjem.

Klar for det uventa

Eit godt industrivern krev grundig planlegging og førebuing, og ikkje minst gjennomgang av risikobiletet.

– Vi har identifisert moglege farar, analysert sjansane for uønskte hendingar og vurdert konsekvensane. Deretter har vi sett opp ei rekkje scenario og laga konkrete planar for korleis vi skal handtere desse situasjonane.

Eit dedikert team og rett utstyr

God beredskap handlar ikkje berre om planar og rutinar, men også om folk og utstyr.

– Industrivernet består av eit team der alle har tydelege roller og ansvar. Dei som er med er Andrzej, Tesfay, Andreas, Lidvin, Malin, Ottar, Jan Ove, i tillegg til meg som er industrivernleiar og fagleiar, seier Tarberg.

Midt mellom bilgarasjen og hallen for farleg avfall står ein raud konteinar med alt utstyret. Her er alt frå hjelmar og vestar til førstehjelpsskrin og brannutstyr.

– Vi har investert i same type brannutstyr som det lokale brannvesenet brukar. Dersom dei må hjelpe oss, kan dei enkelt kople

seg på utstyret vårt. Det sparer verdifull tid, og kan vere avgjerande når kvart sekund tel.

Jamlege øvingar

For å vere best mogleg budde, øver industrivernet jamleg.

– I haust starta vi med å bli kjende med utstyret og øve på slangeutlegging. Vi har også hatt varslingsøving. I 2026 skal vi gjennomføre tre-fire øvingar, blant anna brannscenario med brannvesenet.

Industrivernet har også ein eigen telefon, slik at responsen er rask dersom noko skjer.

– Med dette på plass har vi fått ein heilt annan beredskap. Vi har aldri vore betre rusta, avsluttar Tarberg.



Industrivernsleiar og fagleiar, Rune Tarberg. Foto: SSR

– EIT GODT
INDUSTRIVERN
KREV **GRUNDIG**
PLANLEGGING
OG FØREBUING.

Rune Tarberg
Industrivernsleiar
og fagleiar



Symbolet på industrivernet – den rauda konteinar. Foto: SSR



Brannutstyret ligg klart til bruk om ein kritisk situasjon skulle oppstå. Foto: SSR

Kva er eit industrivern?

- Industrivern er verksemda sin eigen beredskap mot uønskte hendingar, og skal kunne handtere hendingar fram til naudetatane kjem til staden.
- Kva verksemdar som er pålagde å etablere industrivern, er fastsett på bakgrunn av type verksemd og storleik. Kvart enkelt industrivern skal vere tilpassa dei ulukkene og situasjonane som kan oppstå i verksemda.
- NSO (Næringslivets sikkerhetsorganisasjon), fører tilsyn med industriverna i Noreg. *Kjelde: nho.no*

RESULTAT

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	Normalt beløp 2025	Budsjett 2025	Normalt beløp 2024
Salsinntekt		78 969 548,00	76 433 000,00	72 611 716,00
Anna driftsinntekt		589 468,00	239 000,00	199 251,00
Sum driftsinntekter		79 559 016,00	76 672 000,00	72 810 967,00
Varekostnad		16 767 260,00	15 132 000,00	15 506 694,00
Lønskostnad	2, 3	30 164 820,00	30 941 000,00	29 822 411,00
Avskrivning	4	4 618 909,00	4 584 000,00	4 891 456,00
Annan driftskostnad	2, 5	20 759 824,00	20 602 000,00	19 173 334,00
Sum driftskostnader		72 310 813,00	71 259 000,00	69 393 894,00
Driftsresultat		7 248 203,00	5 413 000,00	3 417 073,00
Finansinntekter og finanskostnader				
Anna renteinntekt		477 904,00	460 000,00	524 077,00
Anna finansinntekt		913,00	-	1 007,00
Anna rentekostnad		4 394 405,00	4 609 000,00	4 845 463,00
Annan finanskostnad		32,00	-	1 296,00
Resultat av finansposter		-3 915 620,00	-4 149 000,00	-4 321 676,00
Ordinært resultat før skattekostnad		3 332 583,00	1 264 000,00	-904 603,00
Skattekostnad på ordinært resultat	6	385 519,00	-	107 917,00
Årsresultat	7	2 947 064,00	1 264 000,00	-1 012 520,00
Overføring				
Avsett til/frå sjølvkostfond		699 800,00	-	-1 948 800,00
Avsett til annen egenkapital		2 247 264,00	-	936 280,00
Sum overføringer		2 947 064,00	-	-1 012 520,00

BALANSE

EIGEDELAR	Note	2025	2024
Anleggsmiddel			
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	4, 8	84 514 305,00	86 470 231,00
Maskinar og anlegg	4, 8	11 124 468,00	11 914 096,00
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande	4, 8	1 348 447,00	1 061 157,00
Sum varige driftsmiddel		96 987 220,00	99 445 484,00
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i aksjar og partar	3	1 074 380,00	984 596,00
Sum finansielle anleggsmiddel		1 074 380,00	984 596,00
Sum anleggsmiddel		98 061 600,00	100 430 080,00
Omløpsmiddel			
Varer		246 600,00	246 600,00
Sum varer		246 600,00	246 600,00
Krav			
Kundekrav		4 230 303,00	3 998 607,00
Andre kortsiktige krav		3 927 666,00	4 006 259,00
Sjølvkostfond	9	4 055 000,00	4 765 000,00
Sum krav		12 212 969,00	12 769 866,00
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar og liknande	10	1 109 569,00	1 138 161,00
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		1 109 569,00	1 138 161,00
Sum omløpsmiddel		13 569 138,00	14 154 626,00
Sum eigedelar		111 630 738,00	114 584 706,00

BALANSE









EIGENKAPITAL OG GJELD		2025	2024
Eigenkapital			
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital		15 280 763,00	13 033 499,00
Sum opptent eigenkapital		15 280 763,00	13 033 499,00
Sum eigenkapital	7	15 280 763,00	13 033 499,00
Gjeld			
Avsetjing til plikter			
Andre avsetjingar for plikter	12	104 110,00	161 795,00
Sum avsetjing for plikter		104 110,00	161 795,00
Øvrig langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	8, 13	82 743 338,00	86 667 140,00
Sum anna langsiktig gjeld		82 743 338,00	86 667 140,00
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar		2 473 339,00	3 267 942,00
Leverandørgjeld		3 806 542,00	4 316 525,00
Betalbar skatt	6	385 519,00	107 917,00
Skyldige offentlege avgifter		2 124 039,00	2 152 266,00
Sjølvkostfond	9	163 000,00	173 200,00
Anna kortsiktig gjeld	9	4 550 089,00	4 704 423,00
Sum kortsiktig gjeld		13 502 528,00	14 722 272,00
Sum gjeld		96 349 976,00	101 551 207,00
Sum eigenkapital og gjeld		111 630 738,00	114 584 706,00

Balanse

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

Ulsteinvik, 13.04.26

Styret i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

 George Harold Fulford Styreleiar	 Anne Margrethe Holstad Styremedlem	 Arnulf Goksøyr Styremedlem
 Anne-Marte Skarmyr Beitveit Styremedlem	 Camilla Lovise Stora Styremedlem	 Andrea Øien Sæverud Dagleg leiar
 Oskar Grimstad Nestleiar	 Andrzej Flemming Styremedlem	

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING 2025

EIGEDLAR	2025	2024
Kontantstrøm fra operasjonelle aktivitetar		
Resultat før skattekostnad	3 332 583,00	-904 603,00
Betalt skatt i perioden	107 917,00	201 407,00
Ordinære avskrivningar	4 618 909,00	4 891 456,00
Endring kundefordringar	-231 697,00	612 058,00
Endring leverandørgjeld	-509 983,00	-371 969,00
Endring i andre tidsavgrensingspostar	-161 853,00	-2 031 659,00
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktivitetar	6 940 043,00	1 993 876,00
Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar		
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmidlar	2 160 646,00	1 044 708,00
Utbetaling ved kjøp av aksjar og partar i andre føretak	89 784,00	81 144,00
Netto kontantstrøm fra investeringsaktivitetar	-2 250 430,00	-1 125 852,00
Kontantstraumar fra finansieringsaktivitetar		
Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	3 923 802,00	3 923 800,00
Netto endring i kassekreditt	-794 603,00	3 264 999,00
Netto kontantstrøm fra finansieringsaktivitetar	-4 718 405,00	-658 801,00
Netto endring i kontantar og kontantekv.	-28 792,00	209 223,00
Beholdning av kontantar og kontantekv. pr. 1.1.	1 138 161,00	928 938,00
Beholdning av kontantar og kontantekv. pr. 31.12	1 109 369,00	1 138 161,00

NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapan er satt opp i samsvar med reknekaplova, lov om interkommunale selskap og God rekneskapsskikk for små føretak.

Bruk av estimat

Leiinga har brukt estimat og føresetnader som har påverka resultatrekneskapan og verdsettinga av eigedelar og gjeld, samt usikre eigedelar og forpliktingar på balansedagen under utarbeiding av årsrekneskapan i samsvar med god rekneskapsskikk.

Salsinntekt

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester inntektsførast i takt med utføringa.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Anleggsmiddel omfatter eigedelar bestemt til varig eige og bruk. Anleggsmiddel er vurdert til anskaffelseskost. Varige driftsmiddel balanseførast og avskrivast over driftsmiddelet si økonomiske levetid. Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter innkjøpstidspunktet, samt postar som er knytt til varekretsloopet.

NOTE 2 LØNSKOSTNADAR, ANTAL ÅRSVERK, GODTGJERSLE M.M.

Lønskostnadar	2025	2024	
Løn	22 610 873	22 788 708	
Arbeidsgivaravgift	3 756 421	3 778 372	
Pensjonskostnadar	3 025 343	2 532 972	
Andre ytingar	772 183	722 359	
Sum	30 164 820	29 822 411	
Antall årsverk sysselsatt	41	41	
Ytingar til leiande personar	Daglig leiar	Styret	Repr. skap
Løn	1 055 963	0	0
Anna godtgjering	6 935	405 705	21 200
Sum	1 062 898	405 705	21 200
Godtgjersle til revisor er fordelt på fylgjande måte:			
Lovpålagd revisjon		78 982	
Utarbeiding av årsrekneskap		17 000	
Utarbeiding av likningspapir		13 000	
Andre tenester		69 029	
Sum (ekskl. mva)		178 011	

Omløpsmiddel vurderast til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld balanseførast til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel nedskrivast til gjenvinnbart beløp ved verdifall som forventast ikkje å vere forbigåande. Gjenvinnbart beløp er det høgaste av nettosalverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er nåverdi av framtidige kontantstraumar knytta til eigedelen. Nedskrivninga reverserast når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er tilstades.

Varer

Varer er vurderte til det lågaste av innkjøpskostnad og netto salsverdi.

Krav

Kundekrav og andre krav oppførast til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap gjerast på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane. Legalpanten høyrer til kvar av eigarkommunane og vil tre i kraft dersom ein ikkje klarer å krevje inn gebyra ein har til gode mot hushaldningskundar på vanleg måte.

Pensjonsforplikting

Selskapet har ei offentleg kollektiv pensjonsordning for sine ansatte. Frå og med 2014 er det valgt å ikkje balanseføre nettopensjonsforplikting. Innbetalingar til ytelsesbasert pensjonsordning kostnadsførast løpande.

Skatt

Selskapet er skattepliktig for den del av verksemda som er knytt til næringskundar. Skattekostnaden i rekneskapan omfattar betalbar skatt i perioden. Driftsmidla si fordeling er gjenstand for årleg revisjon basert på faktisk bruk. På bakgrunn av variasjon i bruk er det valgt å ikkje bokføre utsatt skatt/skattefordel i rekneskapan då denne lar seg vanskeleg berekne.

Sjølvkostfond

Verksemda som er knytt opp mot hushaldningskundane er regulert av Forureiningslova. I henhold til Forureiningslova § 34 skal kostnadane for desse kundane dekkast fullt ut gjennom gebyrinntektene. I samsvar med retningslinjer for berekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester utgitt av Kommunal- og distriktsdepartementet, kan over- eller underskot framførast innanfor eit 3- til 5-års perspektiv for å utjevne svingningar i inntekter og kostnadar. Det utarbeidast særskilt sjølvkostrekneskap. I balansen klassifiserast akkumulert over- og underskot høvesvis som kortsiktig gjeld og kortsiktig fordring.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstilling er utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar bankinnskot.

NOTE 2 FORTS. LØNSKOSTNADAR, ANTALL ÅRSVERK, GODTGJERSLE M.M.

Pensjonsforpliktingar

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Pensjonsordningane til selskapet tilfredsstiller krava i denne lova. Sjå elles note 3.

NOTE 3 PENSJONSKOSTNADAR, -MIDLAR, -FORPLIKTINGAR

Selskapet pliktar å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Pensjonsordningane til selskapet tilfredsstiller krava i denne lova.

Selskapet har ei offentleg kollektiv pensjonsordning for sine ansatte i KLP Forsikring. Del av eigenkapitaltilskotet som er innbetalt av selskapet utgjer pr 31.12.2025 kr 1 074 380.

Den offentlege tenestepensjonsordninga gir ved full opptening ein alderspensjon som saman med folketrygda sine ytingar utgjer ein samla pensjon på 66% av pensjonsgrunnlaget. Føretaket har også offentleg AFP-ordning for dei ansatte.

Selskapet har pensjonsordningar som omfattar i alt 43 aktive personar og 21 pensjonistar. Ordningane gjev rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av talet på oppteningsår, lønsvnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Forpliktingane er dekkja gjennom eit

forsikringsselskap. Framtidig pensjonspremie vil påvirkast av avkastning, lønsvekst og utvikling i folketrygda sitt grunnbeløp.

Frå 1. januar 2025 vart ny livsvarig AFP innført i offentleg sektor. Dette inneber ei endring i ytingsstrukturen i pensjonsplanen og vert difor klassifisert som ei planendring. Planendringa har i 2025 redusert selskapet si pensjonsforplikting med kr 4 864 935 inkl. aga. Planendringseffekten representerer ikkje ein kontantgevinst, men ei rekneskapsmessig omvurdering av framtidige ytingsforpliktingar.

Kostnadsført pensjonsforsikring for tilsette utgjer kr 3 025 343 for 2025.

NOTE 3 PENSJONSKOSTNADAR, -MIDLAR, -FORPLIKTINGAR FORTS.

	2025	2024
Netto pensjonskostnad i samsvar med aktuar	-2 139 091	3 464 851
Spesifikasjon av pensjonsforpliktingar		
Utrekna pensjonsforpliktingar per 31.12.	43 615 477	46 405 538
Pensjonsmidlar (til marknadsverdi) per 31.12	-46 942 895	-43 494 931
Ikkje resultatført verknad av estimatavvik	3 256 844	1 837 591
Arbeidsgiveravgift	-469 166	410 396
Netto pensjonsforpliktingar (ikkje balanseført)	-539 740	5 158 594

Dei aktuarmessige føresetnadane er basert på vanlege nytta føresetnader innan forsikring når det gjeld demografiske faktorar.

NOTE 4 ANLEGGNOTE

	Tomter, bygningar m.m.	Maskiner, anlegg, bilar, m.m.	Driftsløsoere, inventar, kontorm.	Sum
Anskaffingskostnad pr. 1.1	117 405 420	37 102 233	16 840 980	171 348 633
Tilgang kjøpte driftmidlar	514 747	1 053 646	592 253	2 160 646
Avgang driftsmidlar	0	0	0	0
Anskaffingskostnad pr. 31.12	117 920 167	38 155 879	17 433 233	173 509 279
Akkumulerte avskrivningar pr. 31.12	31 899 913	25 789 615	14 166 437	71 855 965
Akkumulerte nedskrivningar pr. 31.12	1 505 949	1 241 796	1 918 350	4 666 095
Bokført verdi pr. 31.12.	84 514 305	11 124 468	1 348 447	96 987 220
Avskrivningar i år	2 470 674	1 843 272	304 963	4 618 909
Nedskrivningar i år	0	0	0	0
Økonomisk levetid	0-50 år	3-10 år	5-10 år	

NOTE 5 LEASING

Årleg leige av ikkje balanseførte driftsmiddel.

	2025	2024
Årets leige	3 670 957	2 341 619
Sum	3 670 957	2 341 619

Det er ikkje balanseført leasingforplikting for nokon av leigeobjekta.

Framtidig minimumsleige knytt til ikkje kansellerbare leigeavtalar forfell som fylgjer	
Innan eit år	2 885 134
Eitt til fem år	9 624 944
Etter fem år	354 114
Sum framtidig minimumsleige	12 864 192

NOTE 7 EIGENKAPITAL

	Annan egenkapital	Sum egenkapital
Eigenkapital 01.01.25	13 033 499	13 033 499
Årets resultat	2 247 264	2 247 264
Eigenkapital 31.12.25	15 280 763	15 280 763

NOTE 8 GJELD

Type	2025	2024
Langsiktig gjeld med forfall seinare enn om 5 år		
Gjeld til kredittinstitusjonar	67 030 140	70 956 940
Sum	67 030 140	70 956 940
Årets endring		
Langsiktig finansiering 01.01.	86 667 140	90 590 940
Opptak nye langsiktige lån	0	0
Betalte avdrag i år	-3 926 800	-3 926 800
Langsiktig finansiering pr 31.12	82 743 338	86 667 140

NOTE 6 SKATT

Selskapet er skattepliktig for den delen av verksemda som er knytta til næringskundar.

Selskapet har ingen mellombelse skilnader pr. 31.12.2025.

Nedanfor er det gitt spesifisering over skilnader mellom rekneskapmessig resultat før skattekostnad og årets skattegrunnlag.

Utrekning av skattegrunnlaget i år:	2025	2024
Skattemessig underskot til framføring	0	0
Skattepliktig inntekt	0	0
Resultat før skattekostnad for næringsverksemd	1 822 541	546 643
Permanente skilnader	-70 180	-56 113
Bruk av underskot til framføring	0	0
Skattepliktig inntekt	1 752 361	490 530
Betalbar skatt	385 519	107 917
Utsett skattefordel (22%)	0	0
Sum skattekostnad	385 519	107 917

NOTE 9 SJØLVKOSTFOND OG MELLOMREKNING MOT EIGARANE

Sjølvkostfondet pr 31.12.2025 er negativt med kr -3 892 000. Ved berekning av sjølvkostfondet er inntekter og kostnader i reknekapet fordelt mellom hushaldning og næring, og speglar aktiviteten mellom dei to verksemdsområda.

	Sjølvkostfond slam	Sjølvkostfond hush.avfall	Sjølvkostfond totalt
Sjølvkostfond 01.01.	173 200	-4 765 000	-4 591 800
Årets resultat overført til sjølvkostfond	-10 200	710 000	699 800
Sjølvkostfond 31.12.	163 000	-4 055 000	-3 892 000

Slamhandsaming vert utført på vegner av alle eigarkommunene. Inntekter og utgifter knytta til handtering av slam skal inngå i eit eiga sjølvkostområde i kvar av kommunane. Årets over-/underinndekking er difor overført til fordring / gjeld mot Herøy og Sande og utgjer pr 31.12.2025 kr 334 347 (eks. mva) og inngår i anna kortsiktig gjeld. Fra og med 01.01.2017 har SSR ansvar for sjølvkostfond for denne tenesta i Ulstein og Hareid.

Resten av anna kortsiktig gjeld består hovudsakleg av opptente, ikkje utbetalte feriepengar og andre påløpte kostnader.

NOTE 10 BANKINNSKOT

Midlar på skattetrekkkonto (bundne midlar) er kr 1 101 389.

NOTE 11 INNSKOTSKAPITAL OG EIGARINFORMASJON

Selskapets eigarfordeling ut frå Selskapsavtala pr. 31.12.16:

Deltakar	Folketal	Eigarandel	Antal i rep.skap	Stemme- andel
Herøy kommune	8 972	35,67%	4	36 %
Ulstein kommune	8 430	33,52%	3	27 %
Hareid kommune	5 189	20,63%	2	18 %
Sande kommune	2 559	10,17%	2	18%
Totalt	25 150	100,00 %	11	100 %

Stemmeandel gjeld representantskapet som er selskapets øverste organ. Selskapet har ingen innbetalt innskotskapital.

I følge selskapsavtala § 6 skal kvar kommune ha eit medlem for kvar påbegynt 2 500 innbyggjar, medan alle kommunene skal minst ha 2 medlemmar.

NOTE 12 AVSETNING FOR FRAMTIDIGE FORPLIKTINGAR FOR DEPONI PÅ EIDET

Selskapet har i tråd med til "Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall § 9-15", forpliktingar knytta til framtidige miljøkrav relatert til sikring av deponi og anlegg, i ein periode etter at verksemda ved deponiet er avvikla. Selskapet har slike forpliktingar knytta til det nedlagte deponiet på Eidet i Hareid kommune.

Etterdriftsansvaret omfattar ei periode på 30 år rekna frå tidspunktet for avvikling av deponering i deponiet. Dette vart avvikla i 2009, og etterdriftsansvaret og kontroll med deponiet varer difor til sommaren 2039, eller til 2045 dersom ein tar utgangspunkt i Fylkesmannen si godkjenning av avslutningsplanen i 2015. Det vil alltid vere usikkerheit knytta til omfanget av kostnader til kontroll og ansvaret elles for deponiet så langt fram i tid. Avsett beløp og framtidige inntekter på deponiområdet gir uttrykk for leiinga sitt beste estimat på tidspunktet for avlegging av årsrekneskapet for 2025.

Inntektene frå aktivitetane med å stå for påsleppspunkt for rejectvatn frå slamtøminga i Ulstein og Hareid og handtering av grein- og hageavfall for Ulstein og Hareid, saman med tidlegare avsetning, har vore kalkulert til å vere nok til å dekke kostnadene med etterdrifta av deponiet.

	2025	2024
Avsetning frå tidlegare år	161 797	187 356
Medgåtte kostnader i året	-187 687	-195 559
Auka avsetning i året	130 000	170 000
Avsetning 31.12.	104 110	161 797

NOTE 13 GARANTJAR

I samsvar med selskapsavtala er deltakarkommunene Hareid, Herøy, Ulstein og Sande utad ansvarleg for selskapet sine samla forpliktingar i forhold til sine respektive eigarandeler.



BDO AS
Nesevegen 3
Postboks 93
6067 Ulsteinvik

Til generalforsamlinga i Søre Sunnmøre Reinholdsværk IKS

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen til Søre Sunnmøre Reinholdsværk IKS.

Årsrekneskapen består av:

- Balanse per 31. desember 2025
- Resultatrekneskap for 2025
- Oppstilling over kontantstraumoppstilling for regnskapsåret avslutta per 31. desember 2025
- Notar til årsrekneskapen, irekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- Oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- Gjev årsrekneskapen eit rettvise bilete av den finansielle stillinga i selskapet per 31. desember 2025, og av resultatata og kontantstraumane for rekneskapsåret avslutta per denne dato, i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgaver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet, i samsvar med krava i lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale standardane om habilitet), utgjeve av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og vi har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Annar informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for annar informasjon. Annar informasjon består av årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje annar informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese annar informasjon identifisert ovanfor for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har plikt til å rapportere dersom annar informasjon framstår som vesentleg feil. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at det gjev eit rettvise bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er óg ansvarleg for slik intern kontroll som den finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil.



Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til vidare drift og opplyse om forhold av betydning for vidare drift. Føresetnaden om vidare drift skal leggast til grunn for årsrekneskapen, så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom den, enkeltvis eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

For vidare beskriving/omtale av revisor sine oppgaver og plikter visast det til: <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Andre tilhøve

Budsjettala for 2025 som er presenterte i resultatrekneskapen er ikkje reviderte.

BDO AS

Einar Giljarhus Løkken
statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

ÅRSMELDING / EIGARMELDING 2025

1. STYRET SI SAMANSETTING

Styret har i 2025 hatt desse medlemmene:

George Fulford, styreleiar

Oskar Grimstad, nestleiar (frå og med juni)

Camilla Lovise Storøy, styremedlem

Anne Holstad, styremedlem

Arnulf Goksøyr, styremedlem

Anne-Marte Skarmyr Beitveit, styremedlem

Kjartan Grimstad, styremedlem, (til og med mai)

Christoffer Leine Eiken, styremedlem, tilsettrepresentant (til og med november)

Andrzej Flemming, styremedlem, tilsettrepresentant (frå og med desember)

Det har vore åtte styremøte og 43 saker behandla i 2025. I tillegg har det vore tett kontakt mellom styret og administrasjonen gjennom året.

2. REPRESENTANTSKAP

Representantskapet inneheld politisk valde representantar frå kvar av dei fire eigarkommunane, med Karl Oskar Sævik frå Herøy som leiar. Det har vore to møte i representantskapet i 2025. Selskapet har, utover formelle møte, jamn og god kontakt med eigarane.

3. OPPSUMMERING OG KORT OM VERKSEMUDA I 2025

Selskapet har ansvaret for innsamling og behandling av hushaldsavfall frå innbyggjarane i kommunane Herøy, Ulstein, Hareid og Sande.

I dei fire eigarkommunane er det 28 474 innbyggjarar, rundt 11 000 husstandar, tre miljøstasjonar, ein greinplass og rundt 45 returpunkt for emballasje av glas- og metall.

Kjerneverksemda til selskapet er å gi eit renovasjonstilbod til husstandane, i tråd med gjeldande lovverk. Ansvaret for renovasjon omfattar innsamling, sortering, omlasting, transport og vidaresending av hushaldsavfall i eigarkommunane. Selskapet samlar inn avfall frå husstandar, returpunkt og miljøstasjonar til hovudanlegget i Saunesmarka.

Denne delen av verksemda blir gjennomført til sjølvkost. Overskot eller underskot på hushaldsdelen skal først mot sjølvkostfondet.

Tilbodet til selskapet omfattar også innsamling, transport og avsetnad av næringsavfall i eit avgrensa omfang. Denne tenesta er med på å styrke verksemda til selskapet og medverkar til at selskapet når sine strategiske mål. Samtidig fører næringsaktiviteten til lågare renovasjonsgebyr for innbyggjarane, mellom anna på grunn av meir effektiv bruk av driftsmidlane til selskapet. Omfanget av næringskundar omfattar, etter styret si vurdering, ingen økonomisk risiko av betydning. Rekneskapsføring knytt til næringskundar er skilt ut frå sjølvkostrekneskapen for hushaldskundar.

På vegner av eigarkommunane administrerer selskapet slamordninga og utforminga av tilbod til utførande entreprenør. Selskapet har ansvar for å følgje opp at oppdraget blir utført etter kontrakt. Konkrete saker blir drøfta i eit eige fora der kvar kommune har sin slamkontakt. For Ulstein og Hareid fakturerer selskapet direkte eigarane av private slamtankar, ikkje berre dei offentlege. Herøy og Sande har egne sjølvkostfond for slam, og fakturerer sjølv eigarane av dei private tankane.

I 2025 viser rekneskapen eit resultat som er over to millionar kroner betre enn budsjettert, sjå vidare utdjuping i kapittel ni.

4. EIGARFORHOLD, SELSKAPSFORM OG FORMÅL

Søre Sunnmøre Reinholdsværk IKS (SSR) er organisert som eit interkommunalt selskap. Selskapet er eigd av kommunane Herøy, Ulstein, Hareid og Sande.

Selskapet skal oppfylle kommunane sine plikter knytt til hushaldsavfall etter forureiningslova og gjeldande selskapsavtale. SSR forvaltar og driftar ei lovpålagd verksemd på vegner av eigarkommunane. Denne verksemda er i stor grad underlagt nasjonalt og internasjonalt regelverk som omfattar rammevilkår som selskapet i lita grad

kan påverke. SSR har kontorbygg og hovudanlegg i Saunesmarka i Ulstein kommune, miljøstasjonar i Myklebustmyrane og på Mjølstadneset, og ein greinplass på Eidet. Selskapet utfører elles det praktiske arbeidet med innhenting av avfall i alle dei fire eigarkommunane til dagleg.

Selskapet skal oppfylle eigarane sine forventingar til kostnadseffektiv tenestelevering innan miljø og avfall og utføre dei lovpålagde oppgåvene. Selskapet skal heile tida arbeide for å levere best mogleg resultat både når det gjeld miljøkrav, tenestnivå til innbyggjarane og kostnadseffektivitet.

Dei strategiske måla til selskapet var i 2025:

- Selskapet skal stå for innsamling, mottak, sortering, omlasting, transport og gjenvinning av avfall frå hushalda på ein mest mogleg miljøvenleg måte.
- Selskapet skal forvalte enkle, brukarvennelege, rettferdige og kvalitetsmessig tilfredsstillande løysingar for abonnentane.
- Selskapet skal jobbe for å realisere nasjonale miljømål og eigarane sine lokale miljømål og klimaplanar.
- Selskapet skal vere ein synleg samfunnsaktør som gjennom kommunikasjon er ein tydeleg og framtidsretta haldningsskapar i avfalls-, miljø- og klimarelaterte spørsmål i eigarkommunane.
- Andre strategiske mål går på det store samfunnsansvaret selskapet har i den grunnleggande velferdsproduksjonen i landet, god økonomistyring, satsing på digitalisering og utvikling av organisasjonen.

God kundetilfredsheit og godt omdøme er viktig for SSR. Gjennom selskapet sin kommunikasjon, med grunnlag i eigarstrategi og strategisk plan, skal vi i tillegg til dagleg drift formidle kunnskap om kjeldesortering og avfall som råvare og ressurs. Dette er avgjerande for å oppnå forståing for og gjennomføring av dei nasjonale og internasjonale måla om mest mogleg materialgjenvinning.

I 2025 har styret revidert den strategiske planen til selskapet. Ny strategiplan for perioden 2026 – 2029 blei vedteke på representantskapsmøtet i november, meir om denne i kapittel 10.

5. ARBEIDSMILJØ OG LIKESTILLING

Selskapet sysselsette i 2025 ca. 41 årsverk. Av desse er 37 fast tilsette (ikkje alle heiltid).

Dei resterande årsverka omfattar ferievikarar og vikarar for å dekke opp for sjukdom og anna fråvær. Dei som periodevis er innom på arbeidsmarknadstiltak i regi av NAV, Furene og flyktningskontora er også inkludert her.

SSR har i 2025 kjøpt bedriftshelsetenester hos Medi3. Bedriftshelsetenesta er fast medlem i arbeidsmiljøutvalet (AMU), involvert i arbeidet med endringar og forbetringar saman med leiinga og tillitsvalde / verneombod, i tillegg til det vanlege bedriftshelsetenestearbeidet.

Styret legg stor vekt på at arbeidsmiljøet og samarbeidet i selskapet skal vere godt. Gjennom året blir det halde fleire allmøte. I mars bidrog bedriftshelsetenesta med eit kurs om vald og trugslar på arbeidsplassen. I desember fekk selskapet fornya prosedyren for rus- og avhengigheitsproblematikk.

Totalt sjukefråvær i 2025 utgjør 4,8 prosent. Selskapet held dermed fram den gode utviklinga frå året før. I 2024 låg sjukefråværet på 6,5 prosent, medan det i 2023 var oppe i 11,4 prosent.

Selskapet arbeider heile tida med kompetanseutvikling av medarbeidarane i selskapet. I 2025 har fem tilsette vore i eit etterutdanningsløp for å ta fagbrev som yrkessjåfør. Dette er ein del av staten sitt kompetanseløft og dermed eit kostnadsfritt studietilbod for verksemda og dei tilsette. Alle dei fem bestod i 2025 teorieksamen i yrkessjåførfaget.

Selskapet legg til grunn at det skal vere likestilling mellom kjønna og det blir praktisert lik lønn for likt

ÅRSMELDING / EIGARMELDING 2025

arbeid, der ein tek omsyn til alder og erfaring. Av sju styremedlemmer er tre kvinner. Av selskapet sine ti tilsette i administrasjonen, er sju kvinner. Renovasjonsarbeidet har tradisjonelt vore eit mannsdominert yrke, spesielt i drifta. Ved årsskiftet hadde selskapet to fast tilsette kvinner i drifta, men fleire innom som vikarar.

6. MILJØRAPPORTERING

Den daglege verksemda skjer ved ordinær kontorverksemd, arbeid på miljøstasjonar og industriområde, i tillegg til transportverksemd. Kontordrifta forureinar ikkje det ytre miljøet.

Selskapet har sjølv ansvaret for innsamling av avfall, noko som naturleg nok fører til mykje bilkøyring. Selskapet stiller krav til gode og rasjonelle transportløyseringar, der lågt drivstoff-forbruk, redusert støy og minimale utslepp blir vektlagt. Sluttbehandling av innsamla avfall skjer etter konkurranse i marknaden. Her blir det lagt særleg vekt på kortreiste og miljøvennelege løysingar, i tillegg til mest mogleg materialgjenvinning.

I 2025 jobba selskapet målretta mot å bli Miljøfyrtårn-sertifiserte. Heile verksemda blei i større eller mindre grad involvert i arbeidet. I oktober kom sertifisøren frå Stiftinga Miljøfyrtårn på besøk, og i desember var godkjenninga formelt på plass. Gjennom sertifiseringa har selskapet fått stramma opp interne rutinar og prosedyrar, fått grundigare dokumentasjon på det arbeidet som blir gjort, og planlagt nye målsettingar.

Miljøfyrtårn er ei nasjonal ordning som tilbyr eit konkret sertifiseringsverktøy og eit effektivt miljøleingssystem. Sertifiseringa skal hjelpe verksemdar med å redusere miljøbelastninga, stimulere til grøn omstilling og auke konkurransekrafta. Sertifiseringa er godkjent av EU og anerkjent som ein offisiell miljøstandard i Noreg.

SSR rapporterer avfallsmengder til både Statsforvaltar og Statistisk Sentralbyrå gjennom KOSTRA. Tala for 2025 viser at selskapet leverte høg materialgjenvinning, 61 prosent. Tilsvarende tal i 2024 var 65 prosent.

Nedgangen frå fjoråret handlar først og fremst om ein nedgang i hageavfall, og ei skeivfordeling av oppsamla hageavfall frå 2023 som førte til ekstra høge tal i 2024.

Styret prioriterer aktivt å realisere miljømål som eigarar og nasjonalt og internasjonalt regelverk set for selskapet. Dette skjer mellom anna ved å vidareutvikle kjeldesorteringsordninga, der stadig fleire fraksjonar blir sorterte ut for å gå til materialgjenvinning. I 2025 la selskapet for første gong til rette for utsortering av tekstilar til materialgjenvinning på miljøstasjonane.

7. KUNDETILFREDSHEIT

Selskapet legg stor vekt på at tenestetilbodet skal vere brukarvenleg, slik at det skal vere enklast mogleg for innbyggjarane å kjeldesortere og ta miljøvennelege val. For 2025 har det ikkje blitt utført kundeundersøking, då selskapet er i ein overgangsfase der ein skal nytte seg av den nasjonale renovasjonsbenchmarkinga i regi av Avfall Norge i 2026. Planen er å gjere egne målingar igjen to år etter denne. Den sist utførte kundeundersøkinga i 2023 gav det høgaste resultatet på tilfredsheit blant innbyggjarane i selskapet si historie. Selskapet meiner likevel at det framleis er eit potensial for endå betre sortering og kommunikasjon med innbyggjarane, og jobbar jamt både med informasjonskampanjar og haldningsskapande arbeid.

Å få fram miljøgevinsten ved gjenvinning og kva nytte det sorterte avfallet faktisk gir, er noko selskapet skal kommunisere ut til innbyggjarane. Det er avgjerande for motivasjonen til kundane at dei kjenner til heile gjenvinningsprosessen og kva dei bidreg til ved å kjeldesortere. Dette skaper også meir forståing for oppdraget, retningslinjene og arbeidet til selskapet.

I 2025 har selskapet arbeidd målretta med slik kommunikasjon både i skriftlege og sosiale medium, og ikkje minst gjennom omvisingar og skulebesøk.

ÅRSMELDING / EIGARMELDING 2025

8. SAMFUNNSANSVAR

Selskapet opptrer ansvarleg innanfor område som arbeidsgivarpolitikk, arbeidstakarrettar, etikk, innkjøp og deltaking i kunnskapsutvikling og utviklingstiltak. Selskapet arbeider aktivt for å fremje likestilling, sikre like moglegheiter og rettar, og dermed hindre diskriminering. Selskapet ønskjer på denne måten å oppfylle diskrimineringslova sin intensjon og formål.

Selskapet legg vekt på å bruke leverandørar som kan vise til berekraftige løysingar. Arbeidet med dette vil framover bli forsterka og formalisert gjennom miljøkrava til offentlege innkjøp. Mange av leverandørane til selskapet er selskap som er omfatta av openheitslova. SSR vil arbeide etter intensjonane i openheitslova, sjølv om selskapet førebels ikkje er omfatta av den.

Selskapet har internkontrollsystem som skal førebygge korrupsjon og misleghald. Leiarar skal gå føre og varsle om kritikkverdige tilhøve. Selskapet har utarbeidd etiske retningslinjer.

9. ØKONOMI

Renovasjonstenestene som SSR utfører, blir for hushalda i hovudsak finansiert gjennom renovasjonsgebyr. Det blir ført eit eige sjølvkostrekneskap og sjølvkostfond for innbyggjarane i eigarkommunane.

CO2-avgifta påverkar resultatet, men grunna leveranse av brennbart avfall til anlegg med god utsleppsreinsing og dermed redusert avgiftssats, har SSR fått redusert denne avgifta pr tonn i 2025, samanlikna med dei ordinære satsane for anlegg utan reinsing.

På bakgrunn av tidlegare store kostnader til CO2-avgift, forsikringar og lånerenter, har selskapet sidan 2023 hatt eit negativt sjølvkostfond. Ved inngangen til 2025 var fondet negativt med kr 4.591.800. Dette var fordelt med negativt fond mot hushaldsrenovasjon på kr 4.765.000 og kr 173.200 positivt mot slamkundar i Ulstein og Hareid. Konsekvensen av dette var at renovasjonsgebyra måtte

aukast også for 2025, for å gradvis dekke inn det negative fondet.

Sjølvkostresultatet i 2025 har vore betre enn budsjettert, og gav eit positivt resultat mot sjølvkostfondet på kr 710.000. Fondet er dermed på kr 4.055.000 negativt ved utgangen av 2025. Budsjettert sjølvkostresultat var på kr 275.000.

For slamkundane i Ulstein og Hareid var sjølvkostresultatet negativt med kr 10.200. Det gir eit positivt fond ved utgangen av året på kr 163.000.

I 2025 var driftsinntektene for selskapet på kr 79.559.000. Samanlikna med 2024 var dette ein auke på kr 6.748.000. Inntektene inkluderer renovasjon for hushald og næring i tillegg til slam.

Inntekta på hushald var kr 56.058.000, kr 17.715.000 på næring og kr 5.759.000 på slam.

Samanlikna med budsjettet, ligg dei totale driftsinntektene for hushaldsverksemda ca. kr 1.880.000 høgare enn budsjett. Dette heng mellom anna saman med sal av ein krokobil og nedgrave avfallsløysing til eit leilegheitsbygg. Det har og vore stor auke i omsetninga knytt til miljøstasjonane.

På total varekost har det vore høgare kostnader knytt til mellom anna ein auke i mengda farleg avfall og prisen for materialgjenvinning. Til dømes auka prisen for å materialgjenvinne trevirke i 2025, då marknaden er metta på denne fraksjonen. Oppstart av innsamling av tekstilar for gjenvinning kom inn i rekneskapen i 2025.

Selskapet arbeider kontinuerleg med å halde så låge kostnader som mogleg. Det har i 2025 vore gjort eit godt arbeid med optimalisering av innhentingstenestene, og dette arbeidet blir vidareført inn i 2026. I tillegg har vørtilhøva vore enklare enn i 2024, med mindre snø. Desse faktorane har mellom anna ført til lågare overtidskostnader. Greinplassen på Eidet har for første sesong vore ubemanna, og dette har ført til noko mindre behov for ferievikarar.

Rekneskapen for 2025 syner eit overskot på ca. kr 2.947.000,- etter skatt. Dette er ei forbetring på ca. kr 3.960.000 i høve til 2024 og ca. kr 1.700.000 høgare enn budsjett. Driftsresultatet viser eit overskot på ca. kr 7.248.000 medan netto kostnad av finanspostane er på ca. kr 3.915.000.

Næringsdelen bidreg til resultatforbetring med eit overskot på ca. kr 1.800.000. Dette resultatet er halde utanfor sjølvkostrekneskapen, men bidreg positivt ved meir effektiv utnytting av driftsmidlane i selskapet.

Overskotet etter skatt, avskrivning og kalkulasjonsrenteutrekninga vart på kr 2.247.264. Dette vart overført til eigenkapitalen som ved årsslutt er på kr 15.280.763.

Den framlagde årsrekneskapen og balansen med tilhøyrande notar gir etter styret si vurdering, tilfredsstillande informasjon om drifta av selskapet. Det har ikkje oppstått forhold etter årsskiftet som påverkar årsrekneskapen for 2025. Føresetnad for vidare drift er til stades, og årsrekneskapen er sett opp under denne føresetnaden.

10. FRAMTIDSUTSIKTER OG PLANLAGDE ENDRINGAR

Strategisk plan er eit viktig verkemiddel i arbeidet med å realisere selskapet sine målsettingar og eigarane sine forventingar. I denne planen er nasjonale og internasjonale føringar tillagt stor vekt, i tillegg til krava til selskapet med omsyn til effektivitet, kundetilfredsheit, miljø og berekraft.

I 2025 har det vore arbeid med ein ny strategiplan i selskapet. Denne blei vedteken av representantskapet i november-møtet.

Strategiplanen gjeld frå 2026 til 2029 og har desse hovudmåla:

- Oppnå mest mogleg materialgjenvinning, så kostnadseffektivt som mogleg.
- Forbetre system og drift gjennom digitalisering, ny teknologi og samarbeid.

- Gjere det lett å sortere rett gjennom god informasjon og kommunikasjon.

Visjonen for selskapet framover, er at SSR skal skape mest mogleg verdiar av det innsamla avfallet, både for lokalsamfunnet og framtidige generasjonar.

I tillegg blei desse verdiane vedtekne, etter ein prosess med god forankring både blant dei tilsette og i styret:

Berekraftig: Vi legg til rette for at naturressursar varer lengst mogleg, til det beste for framtidige generasjonar.

Ivrig: Vi er ivrige etter å skape gode avfallsløysingar for lokalsamfunnet. Saman strekker vi oss etter utvikling og forbetring.

Trygg: Vi leverer kvalitet og utfører samfunnsoppdraget vårt på ein ansvarleg måte. Innbyggjarane skal vere trygge på at avfallet blir henta og handtert sikkert, kostnadseffektivt og miljøvenleg.

2025 var i tillegg eit år som baud på endringar i avfallsforskrifta. Frå og med 1. juli blei regelverket tilpassa EU sitt rammedirektiv for avfall, og norsk regelverk skal dermed harmonisere betre med europeiske krav. I praksis handla dette i stor grad om nye og skjerpa krav til produsentansvaret for emballasje. Konsekvensen av det nye regelverket, vil vere ei auka utbetaling av godtgjersle til dei kommunale innsamlarane.

I skrivande stund, mars 2026, er det framleis usemje mellom dei kommunale selskapa og produsentansvarsselskapa om korleis regelverket skal tolkast. Miljødirektoratet har varsla at det framover vil kome fleire presiseringar i rettleiaren til forskrifta.

Endringane i regelverket betyr uansett at kommunane framover får ei meir

Ulsteinvik, 13. april 2026

George H. Fulford
styreleiar

Oskar Grimstad
nestleiar

Anne-Marte S. Beitveit

Anne Margrethe Holstad

Arnulf Goksøy

Camilla Lovise Storøy

Andrzej Flemming

Andrea Øien Sæverud
dagleg leiar

ÅRSMELDING / EIGARMELDING 2025

tydeleg rolle som utfører av tenester, medan produsentansvarsselskapa (PRO-ane) får ansvar for finansiering og rapportering. I praksis kan ein håpe på at forskriftsendringa betyr lågare, eller i det minste lågare stiging, av renovasjonsgebyr over heile landet.

Selskapet starta elles i 2025 arbeidet med å innføre henteordning for glas- og metallemballasje. Også på dette feltet har det vore regelendringar, og styresmaktene har slått fast at ei ordning med returpunkt (bringeordning) ikkje lenger er godt nok, sjølv i dei tilfella selskapet kan vise til gode materialgjenvinningstal. Sidan enkelte av eigarkommunane til SSR er på ROBEEK-lista, må Statsforvaltaren godkjenne lånesøknaden som trengst for å kunne kjøpe inn nye dunkar til glas- og metallemballasje. Den formelle prosessen starta i 2025, og planlegginga av prosjektet vil gå føre seg utover i 2026. Truleg vil selskapet starte utkøyringa av dei nye dunkane i starten av 2027. Innføringa er ikkje planlagt å rokke ved noverande hentefrekvens av dei andre avfallstypane, men vil kome som eit tillegg.

11. ARBEIDSÅRET 2025

Selskapet er ein del av ein bransje som blir stadig viktigare, i ei verd der ein må snakke meir og meir om bruk og kast av avgrensa naturressursar. Her er selskapet i den posisjonen at vi får vere eit viktig verktøy for eigarkommunane og innbyggjarane våre på vegen mot eit meir berekraftig samfunn. Det skal vi halde fram med å vere, trass stadige endringar i rammevilkåra.

I 2025 innførte selskapet eit prøveprosjekt med sidelastar i halvparten av køyrerutene for matavfall. Endeleg evaluering av prosjektet kjem i 2026, men selskapet ønskjer å gi honnør til innbyggjarane for den i hovudsak positive velkomsten av bilen, som sparer inn eit årsverk.

Folk har vist omstillingsevne og fleksibilitet, samtidig som dei har vore tydelege på bekymringar rundt prøveprosjektet.

2025 var også året då SSR satsa for fullt på meir laurdagsope på miljøstasjonen i Saunesmarka, med ti opne laurdagar i høgsesongen. Her har det vore i snitt opp mot hundre besøkande kvar opne laurdag, og det syner igjen både på omsetninga og i positive tilbakemeldingar frå dei som har teke turen innom. SSR vidarefører med like mange opne laurdagar i 2026, takka vere den gode responsen frå innbyggjarane.

Ei anna omlegging det knytte seg ein del spenning til i 2025, var å teste ute døgnopen ubemanna greinplass på Eidet. Med nye informasjonsskilt og god kameraovervaking gjekk startskotet i april. Det viste seg fort at dette var eit tilbod folk sette pris på, med jamt og mykje besøk spreidd utover store delar av dagen. Selskapet går derfor for ei vidareføring av også dette tilbudet i 2026.

SSR blei industrivernpliktige i 2024, og i 2025 fekk vi organisert på plass både mannskap, leining og utstyr. Målet med industrivernet er å avgrense skader på liv, helse, miljø og materielle verdiar ved akutte hendingar som brann, kjemikalieutslepp eller personskadar, fram til naudetatane dukkar opp. Å ha eit eige industrivern krev ekstra ressursar, men samtidig hevar det også kvaliteten på den interne beredskapen og brannvernet. I godt samarbeid med lokalt brannvesen, er selskapet no betre rusta enn nokon gong på eigenberedskap. Styret vil rette ei stor takk til medarbeidarane i selskapet for innsatsen i 2025. Det skal vere meningsfylt å jobbe i SSR. Arbeidet vi gjer, skal kvar dag skape verdi for våre eigne tilsette, eigarkommunane og lokalsamfunnet på den triple botnlinja: samfunn og sosiale forhold, miljø og økonomi.



Saman tek vi vare på ressursane